

Forskrift om hovudmål Vindafjord kommune

Fastsett av Vindafjord kommunestyre 18. juni 2024, sak 038/24, med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 15-2

§ 1 Formål og verkeområde

Forskrifta avgjer kva skriftspråk som er hovudmål på grunnskulane i Vindafjord kommune. Skulen skal bruka hovudmålet i den skriftlege opplæringa og i den skriftlege kommunikasjonen med elevar og føresette.

§ 2 Hovudmål ved grunnskulane i Vindafjord

Hovudmålet ved grunnskulane i Vindafjord er nynorsk.

§ 3 Iverksetjing og opphøyr

Forskrifta trer i kraft 1. august 2024

